

Interpellasjonar og spørsmål til fylkestinget, 14.-15. desember 2022

Frist for å sende inn interpellasjon: Torsdag 8. desember, kl 0900

Frist for å sende inn spørsmål: Tirsdag 13. desember, kl 0900

Oversikt over mottekne interpellasjonar og spørsmål

Nr.	Avsendar interpellasjon	Tema
1.	Jeanette Onarheim Syversen (R)	Om kantinedrift i nytt fylkeshus i Bergen
2.	Åsmund Berthelsen (SV)	Om naturmangfald
Nr.	Avsendar spørsmål	Tema
1.	Marthe Hammer (SV)	Om bybanen
2.	Marianne Sæhle (SV)	Om organisasjonsstruktur og omstilling
3.	Emil Gadolin (A)	Om satsing på kollektivtransport i Bergensregionen

MOTTEKNE INTERPELLASJONAR

1. Åsmund Berthelsen (SV); Om naturmangfald

I dagane frå 9. -17. desember har FN naturtoppmøte (COP15) i Montreal i Canada. Generalsekretæren i FN, Guterres opna møte med sterke ord om kva krise naturen står i: - Krigen vi fører mot naturen er ein krig mot oss sjølve. Vi treng regjeringar som lagar ambisiøse handlingsplanar som vernar og bevarer naturen sine gåver. Vi treng bedrifter og investorar som set naturvern først i sine forretningsplanane sine, og investerer i berekraftige løysingar, sa Guterres mellom anna i følge NRK.

Alvoret i situasjonen vert understreka av fleire og fleire. I rapportar vert det av ekspertar slege fast at tap av natur er ein like stor trussel som klimaendringane. Og at overforbruk av naturressursar er ei av dei største årsakene. FN-rapportar syner at millionar av artar er truga av utrydding eller sterk reduksjon i tal individ. I Norge har vi eit lovverk der vern av natur og naturmangfald står sterkt, men dette vert ikkje fylgd opp i praktisk handling. I vurdering av mange utbyggingstiltak taper omsynet til det biologiske mangfaldet. Og det ligg føre omfattande planar for utbygging og anna bruk av areal/natur som vil truge naturmangfaldet.

Eg meiner dette er eit tema som må høgare opp på agendaen i fylkeskommunen og vil gjerne vite om fylkesordføraren vil ta initiativ til ein temaplan for å sikre naturmangfaldet/det biologiske mangfaldet i Vestland, både i vatn og på land. Ein plan på lik line med klimaplanen.

Og korleis meiner fylkesordføraren at fylkeskommunen i praktisk handling kan medverke i arbeidet med å sikre naturmangfaldet/det biologiske mangfaldet?»

Svar frå fylkesordføraren

Det er ingen tvil om at tap av naturmangfald er ei stor utfordring, både på globalt, nasjonalt og lokalt nivå. Fylkeskommunen er ein pådrivar for regional samfunnsutvikling, og har leiartroya på i det grøne skiftet. Og som del av det grøne skiftet, heilt sentralt plassert i berekraftstiltalringa, må ein òg ta i vare naturmangfaldet i regionen vår. Eg meiner det er eit ansvar vi som ein regional utviklingsaktør må vere bevisst.

Det å sikre naturmangfald er ein av tre berebjelkar i vår nye regionale klimaplan for Vestland. Som ein del av ein heilskapleg tilnærming for klimaomstilling må ein erkjenne at naturkrise og klimakrise heng saman – og må følgeleg løysast saman. For praktisk oppfølging gjennom tiltak og handlingsprogram må vi difor politisk forankre

og sikre oppfølging av den regionale klimaplanen. I regional plan for innovasjon og næringsutvikling er eitt av fire «kritiske oppdrag», at ein må ta vare på naturmangfald og sikre matjord. I regional plan for fornybar energi (pt. på høyring), har vi målformuleringar om at vår produksjon og distribusjon av kraft skal ta omsyn til miljø og naturmangfald.

I Utviklingsplanen for Vestland 2020-2024, set vi klima og miljø som premis for samfunnsutviklinga. Vi skal vere ein pådrivar for ein ansvarleg klimaomstilling, og vi skal sikre god forvaltning av viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar. Utviklingsplanen har tent oss vel, og vi går no i gong med forarbeid til revisjon av Utviklingsplanen. Dette gir ein moglegheit til å ytterlegare styrke fokuset på ein berekraftig arealforvaltning til det beste for naturmangfaldet i Vestland. Gjennom arbeidet med ny Utviklingsplan skal vi vidare belyse og definere våre planbehov i neste politiske periode.

Styrka regionalt kunnskapsgrunnlag om arealbruk

Generelt bør vi som fylkeskommune styrke arbeidet med kunnskapsgrunnlag som kan sikre ein berekraftig naturforvaltning og redusere klimagassutslepp. Viktige utviklingsområde er mellom anna naturkartlegging og areal- og naturrekneskap. Dette kan vere krevjande område for særleg dei mindre kommunane. Difor kan gjennomføring av slike analysar på fylkesnivå/for større område vere til stor hjelp. Fylkeskommunen si analysekompetanse er av stor betydning for kommunane i Vestland, og kan soleis bidra til ein berekraftig arealforvaltning og styrka ivaretaking av naturmangfaldet.

2. Jeanette Onarheim Syversen (R); om kantinedrift i det nye fylkeshuset

Kantinedrift i det nye fylkesbygget Vestland Fylkeskommune

Den 29.11.2022 handsama fylkesutvalet RS 106/2022: Svar på brev frå Beredt om innretting av konkurransen om kantinetenester i nytt fylkeshus m.m. I saka kjem det fram at arbeidsmarknadsbedrifta «Beredt AS», som på noverande tidspunkt har ansvar for kantinetenester i fylkeshuset på Sandsli, har skriva brev til styret. Dei tillitsvalde reagerer på at kantinedrifta i det nybygde fylkeshuset, er lyst ut i open konkurranse.

Det kjem fram i brevet frå dei tillitsvalde at dei har forsøkt å få til eit møte med fylkeskommunen, noko som fylkesdirektøren beklagar har tatt tid. Dette stiller fylkeskommunen som inkluderand arbeidsgjevar/oppdragsgjevar, i eit særleg kritisk ljøs. Slik Raudt ser det, er dette anbodet ikkje i tråd med Vestland Fylkeskommune sine seriøsitetskrav med endeleg vedtak desember 2021, og heile det politiske fleirtalet i Vestland bør revurdere saka og la Beredt AS få høve til å halde fram kantinedrifta i dei flotte nye lokala til fylkeskommunen.

Fylkeskommunen har eit enormt potensial til å styrke si rolle som inkluderand arbeidsgjevar og eigar når det kjem til å satse på VTA, ved å vere sitt samfunnsansvar bevisst. Framfor å bruke pengar på rådgjevarar som snakkar om «attraktivitet for utleigarar» så kunne fylkesdirektøren vore modig, og gått i dialog med Beredt AS om korleis fylkeskommunen kunne lansere fylkesbygget som eit fyrtårn for eit inkluderand arbeidsliv innan kantinedrift, med å satse pengane på støtte Beredt AS i å utvikle god kvalitet og høgt tenestnivå.

Fylkesdirektøren kunne på vegne av fylkeskommunen ha følgd opp Beredt AS i nær dialog, om han meinte kvaliteten på maten og tenestene var for dårleg. Slik denne saka framstår no, så bør både fylkesdirektøren og heile fylkesutvalet sjå seg i spegelen og spørje seg om dette er eit eksempel til etterfølging. Vi treng fleire varig tilrettelagte arbeidsplassar for å inkludere fleire inn i det ordinære arbeidslivet. Oppdrag for Beredt AS på vidaregåande skular i fylket må kome i tillegg til, ikkje som erstatning for oppdrag kantinedrift i fylkesbygget. Her er det ikkje tvil om at tilsette i ein arbeidsmarknadsbedrift som Beredt AS, ikkje berre må kjenne seg diskriminert og ekskludert frå fylkeskommunen sitt splitter nye fylkeshus, men de kan i høve det fylkesdirektøren konkludera, heller aldri forvente å nå «standarden i hotell/konferanse marknaden.» Er dei dømt til eit evig liv i utanforskap? Korleis skal ein politisk forvente at privat næringsliv bli meir inkluderand og tilbyr fast arbeid til folk frå VTA bedrifter, når ikkje fylkeskommunen går fram som eit godt døme på korleis dette kan gjerast? Fellesforbundet som organiserer dei tilsette i VTA bedrifter, har reagert i media, og mobilisert til fanemarkering. Dei reagerer på at dette kan skje, på at dei tilsette i Beredt AS kjenner seg ekskludert og diskriminert, og dei reagerer på at ingen av partia i fylkesutvalet fanga opp dette i februar.

I følgje Doffin, kan ein lese at det bedriften «Søtt + Salt» som er vinnaren av konkurransen i det som ironisk nok heiter eit «inkluderand anbod». Bedriften «Søtt + Salt» i Bergen, har i følgje Fellesforbundet ikkje tariffavtale, og anbodskontrakten mellom fylkeskommunen og «Søtt+Salt» er etter Raudt sitt syn ikkje gyldig då dette er eit brot på seriøsitetskrava vedteke i fylkestinget desember 2021.

Som argument for kvifor ein har vald å ikkje nytte «reservert anbod» peikar fylkesdirektøren på følgjande: «I et krevende utleiemarked, der det er mange gode utleieobjekt, må vi vere konkurransedyktige på kvalitet, tenestenivå og pris. Det har også vist seg utfordrende å leie ut kontorlokalene i nytt fylkesbygg. Da blir det enda viktigere å sikre at vårt utleieobjekt har så mange komparative fortrinn som mulig, med mellom annet en svært attraktiv kantine.» Forutan argumentet om konkurranse, kjem følgjande: «Det er også et mål at fylkeskommunen, gjennom innkjøp, skal ta samfunnsansvar, og da særleg med vekt på seriøsitets- og lærlingekrav...» det er lista opp 4 strekpunkt som syner korleis fylkeskommunen skal gjere dette.

Raudt reagerer på fleire ting:

- At ein ikkje har gått i dialog med Beredt AS og dei tillitsvalde om kvalitet, tenestenivå og pris før «strategiske val til styringsgruppa for nytt fylkeshus» blei fastsett.
- At styret i Beredt AS der det sitt representantar frå posisjonen og opposisjonen, ikkje har fanga opp saka og løfta dette til politisk nivå gjennom sine parti.
- At fylkeskommunen og politisk nivå ikkje tar sitt eige potensial til å styrke fylkeskommunen si rolle som inkluderande arbeidsgjevar/eigar, eller sitt samfunnsansvar seriøst ved å vekte innkjøpsreglementets punkt: « Vestland fylkeskommune skal bruke innkjøpsmakta si til å leggje til rette for bedrifter som har ansvar for attføring og varig tilrettelagde arbeidsplassar der det er mogleg.» i favør av si eiga arbeidsmaknadsbedrift Beredt AS.
- At fylkeskommunen ikkje aktivt nyttar innkjøpsmakta si til å prioritere leverandørar der «landsdekkjande tariffavtale» ligg føre.

Spørsmål:

1. Ser fylkesordførar seg nøgd med korleis seriøsitetskrav og innkjøpsreglement for fylkeskommunen er ivareteke, all den tid anbodet for kantinedrift har gått til ein bedrift som ikkje har landsdekkjande tariffavtale ?
2. Er fylkesordførar tilfreds med korleis fylkeskommunen og styret har ivaretatt dialogen med Beredt AS i denne anbodsprosessen og er det i tråd med eigarskapstrategien vår?
3. Er fylkesordførar tilfreds med korleis fylkesutvalet blei orientert om saka i februar og dei kriteria som er lagt til grunn for å velgje bort/ikkje vurdere å inngå avtale med Beredt AS?
4. Vil fylkesordførar vurdere å annullere anbodet med bakgrunn brot med i seriøsitetskravet og eigarskapsstrategien?

Vedtak:

- Fylkesordførar og fylkesdirektør går i dialog med Beredt AS om korleis dei kan vidareføre kantinedrifta i det nye fylkesbygget.
- Fylkeskommunen sine representantar i Styret i Beredt AS blir bedt om å jobbe i lag med dei tillitsvalde for å komme fram til korleis dei kan bli inkludert betre i planar og prosesser før fylkeskommunen kringkastar framtidige anbod og utlysingar/oppdrag.

Svar frå fylkesordføraren

Spørsmål 1:

Ser fylkesordførar seg nøgd med korleis seriøsitetskrav og innkjøpsreglement for fylkeskommunen er ivareteke, all den tid anbodet for kantinedrift har gått til ein bedrift som ikkje har landsdekkjande tariffavtale ?

Svar:

Fylkesordføraren stadfester at seriøsitetskrav og innkjøpsreglement for fylkeskommunen er ivareteke i anskaffinga.

Fylkesordføraren legg til grunn at representanten med 'innkjøpsreglement' meiner fylkeskommunen sine hovudmål for innkjøp, slik dei framgår av fylkestinget sitt vedtak i sak PS 14/2020. Hovudmål 1 seier at fylkeskommunen «skal gjennomføre innkjøpa sine i tråd med lover og forskrifter, og med særleg fokus på dei grunnleggjande prinsipp i anskaffingsregelverket». Det er fylkesordføraren si vurdering at fylkeskommunen gjennomfører føreseielege, etterprøvbare og forholdsmessige innkjøpsprosessar basert på konkurranse og likebehandling av leverandørane.

Hovudmål 7 seier at fylkeskommunen «skal gjennomføre samfunnsansvarlege innkjøp med særleg vekt på seriøsitets- og lærlingekrav i innkjøpa», og er ytterlegare konkretisert med fire kulepunkt. Kulepunktta fastslår at den fylkeskommunale innkjøpspraksisen skal fremje respekt for menneskerettar, tilfredsstillande arbeidsforhold

og andre sosiale forhold, ivareta fylkeskommunen sine etiske retningslinjer, bruke innkjøpsmakta til å leggje til rette for bedrifter som har ansvar for attføring og varig tilrettelagde arbeidsplassar der det er mogleg og at det skal stillast seriøsitetskrav i alle konkurransar. Alle desse krava er innarbeidd i fylkeskommunen sitt malverk for innkjøp, inkludert fylkeskommunen sine standardavtaler, og vert lagt til grunn i den fylkeskommunale innkjøpspraksisen.

I anskaffinga av kantinedrift til nytt fylkesbygg i Bergen har fylkeskommunen nytta ein såkalla inkluderande kontrakt, og bruker på denne måten innkjøpsmakta i praksis og i tråd med hovudmål 7. Fylkeskommunen stiller i konkurransegrunnlaget klare forventningar til at kantina skal bidra til eit inkluderande arbeidsliv ved å tilby tilrettelagde arbeidsplassar. Valde leverandør må også vere godkjent lærebedrift og ta imot kokkelærlingar i praksis. Kravet til inkluderande arbeidsliv er eit evalueringskrav, der tilboda vert poengsett i høve til kor godt dei oppfyller kravet, og var del av tildelingskriteriet «Kantineløysing» (vekta 30%).

I ei rettleiing publisert av ASVL (Arbeidsgiverforening for vekst- og attføringsbedrifter), KS Advokatene og Samfunnsbedriftene (tidl. KS Bedrift) vert inkluderande kontrakt forklart som ein konkurranse som ikkje er reservert for verksemder som oppfyller kravet til minst 30% «funksjonshemma eller vanskelegstilte» tilsette, men der det vert stilt krav om ein viss bruk av tilsette som har nedsett funksjonsevne eller arbeidsevne, eller som av andre grunnar har spesielle utfordringar på arbeidsmarknaden. Føremålet med å nytte inkluderande kontrakt er å oppnå større grad av inkludering i arbeidslivet enn det (fylkes)kommunen kan oppnå berre med reserverte kontraktar, og det er fylkesordføraren si vurdering at denne effekten er reell i anskaffinga av kantinedrift.

Seriøsitetskrava er også operasjonalisert gjennom fleire fylkestingsvedtak. Seriøsitetskrav basert på Oslo-modellen vart vedteke i fylkesutvalssak 290/18 i Hordaland fylkeskommune, og er innarbeidd i kontraktar på Eigedom, Bybanen Utbygging, Skyss og innkjøp. Oslo-modellen vart vidareført i Vestland etter samanslåinga, men med ein overgangsperiode for avdeling for infrastruktur og veg (INV) fram til hausten 2021 for å innarbeide alle krava i kontraktane dei hadde med frå Statens Vegvesen og som måtte justerast etter at dei blei del av Vestland.

Vidare handsama fylkestinget sak om vurdering av krav om tariffavtale ved fylkeskommunale innkjøp som sak PS 113/2020. Som ledd i saksførebuinga vart det innhenta ei juridisk vurdering frå Kluge Advokatfirma AS, som konkluderte med at eit slikt krav vil stride mot EØS-retten for kjøp over aktuelle terskelverdiar. Konklusjonane frå Kluge var i det alt vesentlege samanfallande med vurderingar gjort av Advokatfirmaet Thommessen AS i ei liknande sak for Hordaland fylkeskommune i 2017, der Thommessen konkluderte at å stille krav til tariffavtale i fylkeskommunale kontraktar mest nærliggjande vil vere rettsstridig.

I verbalpunkt til fylkestingssak PS 137/2020 ba fylkestinget om at det blei lagt fram sak om å innføre Oslo-modellen for heile Vestland fylkeskommune første halvår 2021. Fylkesordføraren forstår «heile Vestland fylkeskommune» som å gjelde alle delar av verksemda, inkludert fagområdet til INV. Oslo-modellen inneheld ikkje krav om tariffavtale, men krav om at dei tilsette er sikra tariffløn. I høve kantineavtalen, er det siste uansett forskriftsfesta i forskrift om løns- og arbeidsvilkår og allmenngjeringsforskrift for overnattings-, serverings- og cateringbransjen. I tillegg inneheld Oslo-modellen krav om at tilsette i bemanningsføretak får tariffløn mellom oppdrag. Sak om innføring av Oslo-modellen i INV kom til handsaming i fylkestinget som sak PS 112/2021, og det framgår av saksutgreiinga at INV har behov for dei same to unntaka frå Oslo-modellen som blei vedteke for Hordaland fylkeskommune i fylkesutvalssak 290/18. Ved handsaming i fylkesutvalet (PS 262/2021) blei det fremja alternativt vedtaksforslag som innarbeide desse unntaksbehova, og det blei også lagt til eit punkt om at vi som hovudregel skal krevje landsomfattande tariffavtale. Fylkestinget gjorde i sak PS 113/2021 punkt 6 slikt vedtak: «Vestland fylkesting går inn for at hovudregelen ved fylkeskommunale innkjøp er at det blir stilt krav om at det ligg føre landsdekkande norsk tariffavtale. (slik det har vore praktisert i Hordaland)». Som nemnt over er dette kravet truleg i strid med EØS-retten.

Anskaffinga av kantinedrift til nytt fylkeshus i Bergen er verdiberekna til over EØS-terskelverdi, slik at oppdragsgjevar må følgje dei rettsreglane som gjeld for slike anskaffingar. Fylkeskommunen har som oppdragsgjevar stilt alle relevante og lovlege seriøsitetskrav. Til dømes har vi stilt krav i kontrakten til løns- og arbeidsvilkår i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar. I avtaleutkastet punkt 17.3 første avsnitt var dette formulert slik:

Leverandør og underleverandørar (under dette bemanningsselskap) pliktar å ha løns- og arbeidsvilkår som ikkje er dårlegare enn det som følgjer av den til ein kvar tid gjeldande arbeidsmiljølovgeving, allmenngjeringsforskrifter eller landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransje. Dette gjeld berre for arbeidarar som direkte medverkar til oppfylling av leverandøren sine plikter under avtalen.

Etter vedtak i Tariffnemnda er tariffavtalen for overnattings-, serverings- og cateringverksemdar allmenngjort. Dette inneber at dei tilsette hos kantineleverandøren uansett har krav på løns- og arbeidsvilkår som tilsvarar eller er betre enn det som følgjer av allmenngjeringsforskrifta.

Ut frå dette utfyllande svaret i ei sak med stor merksemd, meiner derfor Fylkesordføraren at Fylkestinget skal seia seg nøgd med korleis seriøsitetskrav og innkjøpsreglement for fylkeskommunen er ivareteke. Det er ikkje høve til å stille krav om landsdekkande tariffavtale, men fylkeskommunen har stilt krav om lønns- og arbeidsvilkår i samsvar med regelverket og på same måte som i eigne seriøsitetskrav utgått frå Oslo-modellen.

Spørsmål 2:

Er fylkesordfører tilfreds med korleis fylkeskommunen og styret har ivaretatt dialogen med Beredt AS i denne anbudsprosessen og er det i tråd med eigarskapstrategien vår?

Svar:

Fylkesordføraren meiner at fylkeskommunen har ivaretatt dialogen med Beredt AS på ein god måte og i samsvar med gjeldande regelverk. Det er fylkesordføraren si vurdering at fylkeskommunen har følgd eigarskapsstrategien, og at fylkeskommunen har brukt innkjøpsmakta si innanfor det handlingsrommet som er tilgjengeleg. Fylkesordfører og fylkesdirektør deltok på eigarmøte hjå Beredt AS hausten 2021, der den komande anskaffingsprosessen på kantinedrift i nytt fylkesbygg var tema. Utover dette vil ikkje fylkesordføraren gje nokon vurdering av styret i Beredt AS.

Fylkeskommunen har gjennom anskaffinga av kantinedrift hatt dialog med fleire leverandørar, også Beredt AS, først som ein del av ein marknadssdialog våren 2021, og seinare som del av konkurransen som vart gjennomført som avgrensa tilbuds konkurranse. Gjennom marknadssdialogen har Beredt, til liks med andre potensielle tilbydarar, fått informasjon om den planlagde konkurransen, val av kontraktsform og om sentrale krav til leveransen, og har blitt invitert til å gje tilbakemeldingar til innkjøpsseksjonen. I konkurransefasen har Beredt, som dei andre tilbydarane, hatt høve til å stille spørsmål til anskaffinga, og alle tilbydarane har fått same tilgangen til fylkeskommunen sine offentlege svar på alle spørsmål. Beredt har blitt behandla likt med dei andre leverandørane, og heile prosessen er dokumentert i anskaffingsprotokollen. Etter tildeling er anskaffingsprotokollen open for innsyn.

Lov om offentlege anskaffelser § 4 stiller krav om at Vestland fylkeskommune som oppdragsgjevar skal opptre i samsvar med grunnleggjande prinsipp om «konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvarbarhet og forholdsmessighet». Dei grunnleggjande krava er også vist til i hovudmål 1 for innkjøp i Vestland fylkeskommune, og er sentrale rettesnorar for den fylkeskommunale innkjøpspraksisen. Det er fylkesordføraren si vurdering at dialogen med Beredt AS er gjennomført i samsvar med gjeldande lov- og regelverk.

Beredt AS er eit sjølvstendig rettssubjekt med eige styre og tilsett administrasjon som skal syte for den daglege drifta av selskapet. Eigarstyringa av selskapet skjer gjennom generalforsamlinga, og elles i tråd med aksjelovgjevinga. Eigarskapsstrategien til fylkeskommunen legg ikkje opp til at selskap der fylket er eigar/har eigardeler, vert særbehandla i pågåande anbuds konkurransar, ettersom det vil vere i strid med lov- og regelverk.

Samstundes gjev regelverket for offentlege anskaffingar oppdragsgjevar eit visst handlingsrom til å nytte innkjøpspraksisen som verkemiddel for å oppnå samfunnsmessige mål. Til dømes seier kulepunkt tre under hovudmål 7 for innkjøp at fylkeskommunen «skal bruke innkjøpsmakta si til å leggje til rette for bedrifter som har ansvar for attføring og varig tilrettelagde arbeidsplassar der det er mogleg». Fylkeskommunen har gjennom heile anskaffinga, frå marknadssdialogen i forkant av utlysing, utforming av konkurransedokument og gjennom konkurransefasen, arbeidd for å leggje tilhøva til rette for god og rettviss konkurranse. Det er derfor fylkesordføraren si vurdering at fylkeskommunen har følgd eigarskapsstrategien, og at fylkeskommunen har brukt innkjøpsmakta si innanfor det handlingsrommet som er tilgjengeleg.

Spørsmål 3:

Er fylkesordfører tilfreds med korleis fylkesutvalet blei orientert om saka i februar og dei kriteria som er lagt til grunn for å velgje bort/ikkje vurdere å inngå avtale med Beredt AS?

Svar:

Orienteringa som vart gitt til fylkesutvalet 9. februar 2022 i form av eit RS-notat var både grundig og omfattande. Det vart ikkje framsett spørsmål i møtet, men i lys av ordsiftet den siste tida erkjenner vi at fylkeskommunen ikkje har lukkast så godt med å kommunisere sentrale val i anskaffingsprosessen som ein opprinneleg la til grunn.

Fylkeskommunen gav munnleg informasjon om vald prosedyre og kontraktsform i eigedomsdirektøren sin presentasjon til Administrasjonsutvalet 21.10.2021, og i form av meldingssak (RS 15/2022) til fylkesutvalet 09.02.2022. I anskaffinga er det valt å nytte kontraktsforma inkluderande kontrakt. Føremålet med denne kontraktsforma er at offentlege oppdragsgjevarar skal nytte innkjøpsmakta si til å sikre at fleire leverandørar legg til rette for tilrettelagde arbeidsplassar. Kontraktsforma reservert kontrakt avgrensar konkurransen til arbeidsmarknadsbedrifter som oppfyller kravet til minst 30% «funksjonshemma eller vanskelegstilte» tilsette, og bidreg ikkje på same måten til å auke delen leverandørar som tilbyr tilrettelagde arbeidsplassar.

Fylkesordføraren vil understreke at den valde kontaktsforma stiller krav til alle tilbydarane om tilrettelagde arbeidsplassar, og at den valde leverandøren tilbyr fleire tilrettelagde arbeidsplassar enn det som gjekk fram av tilbodet frå Beredt. Ingen av krava som er stilt i konkurransen diskvalifiserer Beredt, og dei gav som kjent tilbod. Vestland fylkeskommune har i gjennomføringa av anskaffinga ikkje valt bort Beredt, som har konkurrert om oppdraget på like fot med dei øvrige kvalifiserte tilbydarane.

Fylkesordføraren vil også presisere at det ikkje var høve til å vidareføre eksisterande kontrakt på kantinedrift på Sandsli til nytt fylkesbygg i Bergen, ettersom den eksisterande kontrakten er avgrensa til den perioden fylkeskommunen er mellombels lokalisert på Sandsli. Dermed var det naudsynt å gjennomføre ny konkurranse om kantinedrifta i nytt fylkesbygg. Vidare er det slik at sjølv om fylkeskommunen lyser ut kantinedrifta som ein reservert kontrakt, gjev det ikkje fritak frå anskaffingsreglane. Det vil framleis vere kunngjeringsplikt, anskaffinga må følgje anskaffingsreglane og Beredt kan få konkurranse frå andre verksemder som oppfyller krava til deltaking.

Spørsmål 4:

Vil fylkesordførar vurdere å annullere anbodet med bakgrunn brot med i seriøsitetskravet og eigarskapsstrategien?

Svar:

Fylkesordføraren vurderer at det ikkje er aktuelt å seie opp kontrakten med vinnande leverandør, ettersom det ikkje har skjedd brot på seriøsitetskrav eller eigarskapsstrategi.

Anskaffingsprosessen er fullført, ettersom kontrakten er signert, og vidare oppfølging er regulert av avtaleretten.

Ei eventuell oppseiing av kontrakten utan sakleg grunn vil gjere fylkeskommunen erstatningsansvarleg overfor både vinnande leverandør og for dei andre tilbydarane som deltok i konkurransen, både i form av positiv og negativ kontraktsinteresse. Vidare vil ei oppseiing utan sakleg grunn gjere stor skade på fylkeskommunen sitt omdøme som seriøs og påliteleg avtalepart i marknaden.

Ei eventuell oppseiing av kontrakten medfører at ein ny konkurranse må verte gjennomført. Som nemnt over er det ikkje høve til å nytte avtalen vi har med Beredt på Sandsli, då denne kontrakten er isolert til lokala på Sandsli. Ei vidareføring av denne kontrakten vil derfor utgjere ei ulovleg direkteanskaffing, og kan påføre fylkeskommunen eit overtredelsesgebyr frå KOFA på 15% av kontraktsverdien. Ein innkjøpsprosess tar vanlegvis minst eit halvt års tid. Etter dette må valt leverandør få litt tid på seg til å tilsette folk. Det betyr at fylkeshuset vil stå utan kantine, servering eller kaffi i kring 9 månader.

Eg viser elles til juridisk vurdering frå fylkesdirektøren og orienteringa frå han om anbodsprosessen i Fylkesutvalet den 12. desember.

Tilleggscommentar og framlegg til vedtak:

Både folkevalde og fylkesdirektør er samde om at den merksemda som har kome i etterkant av ny kontrakt for kantinedrift på Fylkesbygget treng nokre avklaringar. Fylkeskommunen er eineigar av Beredt as, som er ei verksemd som har økonomiske utfordringar som må løysast. Dette må løysast i dialog mellom eigar og styre. Det må elles ikkje herska tvil om at Fylkeskommunen fortset arbeidet med å sikra eit seriøst arbeidsliv og gjennom bruk av arbeidsmarknadsbedriftene legg meir til rette for tilrettelagde arbeidsplassar. Det siste skjer ved at den planlagde kaféen på gateplan i Fylkeshuset vert eit synleg døme.

Fylkesordførar legg derfor fram følgjande framlegg til vedtak:

1. Fylkestinget ber eigarmøtet i Beredt as bidra med å avklara korleis dei økonomiske utfordringane i selskapet kan løysast samstundes som tilsette med lønstilskot skjermast og lærlingar fullfører løpet til fagbrev.

2. Fylkestinget føreset at FT-vedtaket om seriøsitetskrav frå desember 2021 vert følgd, og at verksemder med avtale med VLFK vert følgd opp på desse vilkåra.
3. Fylkestinget vil ha ei reservert kontrakt i fylkesbygget. Fylkestinget ber derfor fylkesdirektør lysa ut kafèdrift i tiltenkt lokale for dette som reservert kontrakt.
4. Fylkestinget ynskjer at kantinedrift i fylkeskommunale einingar i hovudregelen vert lyst ut som reserverte kontraktar.
5. Fylkestinget ber fylkesdirektør utgreia om den auka satsinga på skulefrukost kan styrkja satsinga på reserverte kontraktar på kantinedrift.

MOTTEKNE SPØRSMÅL

1. Marthe Hammer (SV); om bybanen

Spørsmål til møte i utval for samferdsle og mobilitet, samt fylkesutvalet og fylkestinget til sak: «PS 94/2022: Fråsegn til forslag til reguleringsplan for Bybanen BT5 til Åsane.

I framlegg til vedtak står det i punkt 7: «Arbeidet med sykkel gjennom sentrum viser at det ikkje er mogeleg å etablere ein sykkelveg med høg standard langs bybanetraseen utan negative konsekvensar for framkomst for andre trafikantar, trafikktryggleik, verdsarv og byform.»

- Kan fylkesdirektøren gjere meir detaljert greie for kvifor ein ikkje kan etablere ein sykkelveg langs Torget og forbi Bryggen? Og eksplisitt spør eg om kvifor ikkje det er mogleg å flytte sykkelfelta til en sykkelveg på kaisida av bybanen?:
- Er det riktig oppfatta at valet av designkonsept i 2019 der forslaget «Mot Vågen» til Asplan Viak, Rodeo arkitekter, Sanden + Hodnekvam arkitekter, Zenisk og Studio Holmedal vart vald så har dette vore ei avgjerande premiss for at ein i alle planforslag har lagt sykkelfelt på kvar side, og ikkje ein sykkelveg til grunn?
- Det å skilje syklande, el-syklistar og ikkje minst el-sparkesyklistar frå andre gåande trafikantar er veldig positivt for gåande. Utfordringa med planforslaget er at sykkelfelta er så tett på bybanen at mange ikkje vil oppfatte det som trygt og derfor ikkje nytte det. Eg lurar derfor på kva som er grunngevinga for at ein meiner det fører til negative konsekvensar for gåande å nytte arealet som i dag er sett av til sykkelfelt og heller samle det til ein sykkelveg på kaisiden?
- Kan fylkesdirektør gjere greie for kva for negative konsekvensar ein sykkelveg på kaisida har for andre trafikantar, og da nærare om eventuell personbiltrafikk, kollektivtransport, utrykningskøyretøy, varelevering?
- Viss ein uansett må bygge fløyfjellstunnellen sør for å sikre omkøyning, kvifor vil det ikkje da la seg gjere å nytte deler av eksisterande bilveg til sykkel?

Sist, vil det vere mogleg i den vidare detaljreguleringa og prosjekteringa å kunne komme tilbake til dette med samanhengande sykkelveg på kaisiden, om det skulle vise seg mogleg i forhold til omkøyingsveg og andre trafikantgrupper?

Kan fylkesdirektøren gjere meir detaljert greie for kvifor ein ikkje kan etablere ein sykkelveg langs Torget og forbi Bryggen? Og eksplisitt spør eg om kvifor ikkje det er mogleg å flytte sykkelfelta til en sykkelveg på kaisida av bybanen?:

Er det riktig oppfatta at valet av designkonsept i 2019 der forslaget «Mot Vågen» til Asplan Viak, Rodeo arkitekter, Sanden + Hodnekvam arkitekter, Zenisk og Studio Holmedal vart vald så har dette vore ei avgjerande premiss for at ein i alle planforslag har lagt sykkelfelt på kvar side, og ikkje ein sykkelveg til grunn?

Svar frå fylkesordføraren:

Avgjerda om å nytte tosidige sykkelfelt i staden for ein-sidede sykkelveg gjort i skissefasen. I dette arbeidet vart det gjort vurderingar som omfatta tilgjengeleg areal, byrom/torg, velfungerande fotgjengar- og sykkelareal, og

kollektivtraseen for buss og bane. Samspelet med andre trafikantar, byliv og kulturmiljø har vore viktig. «Mot Vågen», innspel frå KUVA og kommunen si tolking av KUVA har vore ein del av dette arbeidet.

Generelle føringar for systemval tilseier val av sykkelfelt for trasear som går gjennom sentrumsområde i by, og løysingane har vore omfattande diskutert i planarbeidet. Fylkeskommunen har deltatt i dette. Vårt fokus har vore å få til ei intuitiv og trygg løysing for både gåande og syklende som så langt som mogleg stettar krav i vegnnormalane. Tilrådinga om sykkelfelt byggjer på klare tilrådingar frå sentrale handbøker om val av sykkelløysing i by:

- Statens vegvesens hb. N100 Veg- og gateutforming: I sentrumsområdene i de største byene vil hovednettets primært bestå av sykkelfelt. Sykkelfelt er en lite arealkrevende løsnings som gir god sikkerhet og fremkommelighet for syklister. Der det ligger til rette for det, kan andre løsninger benyttes.
- Sykkelhandboka hb V122: Løsninger for syklende vil i byer og tettsteder oftest være sykkelfelt, gater med blandet trafikk eller kollektivfelt. Gående og syklende bør normalt ha separate anlegg.
- Oslo kommune har utviklet en standard for sykkeltilrettelegging, Oslostandard, og denne legger opp til at tosidige enveisløsninger (sykkelfelt) er hovedregel i bygater.



Figur 1 Prinsipper for løsninger i sykkelveinettet hentet fra Oslostandard for sykkeltilrettelegging.

Løysingane i planen krev fråvik frå vegnnormalane som enno ikkje er handsama, og vi har derfor atterhald om at løysingane for sykkelfelt i planen vert godkjent. Dersom fråvik ikkje vert godkjent, må vi jobbe vidare med løysingane.

For Bryggen har vi ei grunnhaldning om at krav som følgjer av tilrådingar frå KUVA og UNESCO skal vere førande for utforminga. Framleis er dei visuelle konsekvensane for verdsarven så høge at dei bør reduserast. Sykkelveg på kaisida er ikkje vurdert etter verdsarvmetoden, og er ei stor endring av konseptet. Sykkelveg vil gje auka omfang av langsgående striper og står i fare for å auke negativ visuell og funksjonell barriereverknad i KUVA. Det er då fare for auka negativ konsekvens, då KUVA per no viser liten margin før konsekvensen for verdsarven er uakseptabel. UNESCO har gjeve råd om å halde fram med den levande Vågen og kaien, og legge til rette for fartøy også i framtid. Bergen havnevesen har og uttrykt behov for å kunne disponere 4-5 m av kaifronten til landgangar og varelevering mm. for fartøy.

Vi har grunn til å tru at ein eventuell sykkelveg på ytterkant av Bryggen vil bli underlagt dei same krava som løysinga i planen, inkludert råd frå UNESCO, KUVA bla om å ta omsyn til gåande, fredeleggjere Bryggen som byrom, trafikktryggleik og redusere visuell og funksjonell barrieroeffekt. Det vil seie at sykkelveg på kaikanten heller ikkje nødvendigvis vil kunne stette krav om høg standard og fart for syklisten.

Når sykkelveg likevel er vald som løysing i Christies gate, og sykling i blanda trafikk er vald som løysing på Torget, er det på bakgrunn av særlege omsyn og vurderingar. I planskildringa er val av løysingar i sentrum bla. omtalt slik:

Stedlige forhold i sentrumsgatene gir løsningsvalg for sykkel der det må tas hensyn til trafikksikkerhet, andre trafikantgrupper, kulturminner, byrom og tilgjengelig areal må veies opp mot ønske om en ens og sammenhengende sykkelløsning. Det ble tidlig i løsningsutviklingen identifisert tre slike gater der lokale forhold i stor grad vil gi føringer for løsningsvalg for sykkel: Christies gate, Torget og Bryggen.

- Christies gate – sykkelveg på nordsiden av gaten, for å unngå mange konfliktpunkt ved bussholdeplasser på sørsiden.
- Torget - delt løysing med biltrafikk over en kortere strekning, grunnet knapphet på tilgjengelig areal.
- Bryggen – sykkelfelt i kollektivgate, for å ivareta viktige kulturminnehensyn og sikre enkel kobling mot løysing i tilstøtende plan for Hovedsykkelrute Bradbenken – Ludebryggen (planID 4601_65790000).

Det å skilje syklande, el-sykklistar og ikkje minst el-sparkesykklistar frå andre gåande trafikantar er veldig positivt for gåande. Utfordringa med planforslaget er at sykkelfelta er så tett på bybanen at mange ikkje vil oppfatte det som trygt og derfor ikkje nytte det. Eg lurar derfor på kva som er grunngevinga for at ein meiner det fører til negative konsekvensar for gåande å nytte arealet som i dag er sett av til sykkelfelt og heller samle det til ein sykkelveg på kaisiden?

Kan fylkesdirektør gjere greie for kva for negative konsekvensar ein sykkelveg på kaisida har for andre trafikantar, og da nærare om eventuell personbiltrafikk, kollektivtransport, utrykningskøyretøy, varelevering?

Svar:

Både sykkelveg på kaisida og sykkelfelt langs banen vart utgreidd i skissefasen. For sykkel langs Bryggen vart det tilrådd å gå vidare med tosidig sykkelfelt som følgjer same system som ellers i sentrum. For gåande spesielt vart ei soneinndeling med synlege og taktile kantar lagt til grunn for tilrådd løysing. Sykkelfelt som følgjer banetraseen vil gi eit intuitivt og oversiktleg trafikksystem der bane og sykkel går i same retning. Alternativ løysing med sykkelveg langs kaikanten vil innebere etablering av to separate, parallelle gateløp for sykkel og for bane. Dette er vurdert å gi eit meir uoversiktleg trafikkbilte og skape auka barriereverknad.

Det kan også gi større arealbeslag til veg og omfang av langsgåande skiljeliner, med fare for auka negativ konsekvens som påpeikt i KUVA 3 og UNESCO-rapporten, sjå tidlegare svar.

Ein sykkelveg langs Bryggen vil vidare anten måtte fortsette langs sjøsida over Torget, eller avsluttast med eit systemskifte. Det er ikkje prioritert areal for ein separat løysing for sykkel over Torget, og eit systemskifte mot planlagd løysing på Torget kan gi nye utfordringar.

For andre trafikantar (eventuell personbiltrafikk, kollektivtransport, utrykningskøyretøy, varelevering) kan vi ikkje sjå andre negative konsekvensar per i dag. Når det gjeld verdsarven har UNESCO gjeve råd om å halde fram med den levande Vågen og kaien, og legge til rette for fartøy også i framtid. Sykkelveg på Kaikanten kan, som omtalt i svar over, verte vurdert som meir negativt, men er ikkje vurdert i KUVA per i dag.

Viss ein uansett må bygge Fløyfjellstunnelen sør for å sikre omkøyring, kvifor vil det ikkje da la seg gjere å nytte deler av eksisterande bilveg til sykkel?

Svar:

Sjølv om ein har mål om å fjerne gjennomgangstrafikk i sentrum, vil det framleis vere trafikk over Torget i form av bussar, drosjar, varelevering og køyring til eigedomar. Bygging av to nye tunneløp i Fløyfjellstunnelen gjer det mogeleg å gjere om eit tunneløp til tovegstrafikk ved planlagt stenging av tunnelen. Ved ikkje planlagde stengingar, slik som ulykker eller motorstans, vil det ikkje vere mogeleg å gjere om eit tunnellaup til tovegstrafikk. Ein må difor forvente at trafikk fortsett vil gå gjennom sentrum i avvikssituasjonar også i framtida.

Sist, vil det vere mogleg i den vidare detaljreguleringa og prosjekteringa å kunne komme tilbake til dette med samanhengande sykkelveg på kaisiden, om det skulle vise seg mogleg i forhold til omkøyingsveg og andre trafikantgrupper?

Svar:

Vi viser til svar over. Det er mogleg at vidare prosess for å svare ut KUVA og UNESCO-rapporten opnar for å vurdere sykkelveg på kaisiden, samtidig er det mange trafikale omsyn som talar mot denne løysinga.

Når detaljreguleringsplanen er vedtatt vil det ikkje vere mogleg å gjere endringar utan ny reguleringsplan og KUVA-prosess. For området Bryggen frå krysset Vetrilidsallmenningen til Slottsgaten er det det i tillegg til plan

utarbeidd ein eigen illustrasjonsplan som vert gjort juridisk bindande gjennom vedtak av reguleringsplanen. Dette vert gjort for å sikre at løysingar som følgjer opp råd frå KUVA, UNESCO og kulturminnemyndigheitene, vert førande for vidare arbeid med prosjektering.

For meir informasjon om vurdering av sykkelløysingar gjennom sentrum vert det vist til planskildringa til delstrekning 1 og eit grunnlagsdokument for sykkel gjennom sentrum:

<https://miljoloftet.no/globalassets/bybanen-til-asane/planforslag-2022/ds1/c.-planbeskrivelse-planid-65800000.-datert-15.09.22.pdf>

<https://miljoloftet.no/globalassets/bybanen-til-asane/planforslag-2022/ds1/f.5.-sykkellosning-gjennom-sentrum.-datert-15.09.22.pdf>

2. Marianne Sæhle (SV); om ny organisasjonsstruktur og omstillingsprosess

Viser til RS 20/22 Ny organisasjonsstruktur, som var på sakskartet på fylkestinget i september. Der ble vi informert om at en del ansatte i fylkeskommunen skal omstilles fordi fylkestinget har vedtatt at det skal tas i bruk lokasjoner både på Stord og på Leikanger. Vi er alle enige om at vi skal ta i bruk hele fylket, og for noen ble det vedtatt at endringen skal skje gradvis, ved naturlig avgang og nyansettelser.

Men nå har jeg mottatt en henvendelse om at 14 ansatte er kalt inn til samtale, hvor temaet er omstilling. Dette er ansatte som har jobbet i fylkeskommunen i flere år og som etter vert har fått en så høy alder at det vil være vanskelig for dem å få seg nytt arbeid. Noen av dem er svært engstelig for at de kan bli tvunget til å ta imot et jobb tilbud som medfører at de må flytte fra Bergen. Samtidig vet vi at det er en ganske høy turn-over blant de ansatte i fylkeskommunen og at det derfor bør være en enkel sak å tilby ansatte alternativt arbeid ved lokalisasjoner i Bergen.

Mine spørsmål er derfor:

1. Hvor langt er omstillingsprosessen kommet?
2. Hvor langt er fylkesdirektøren villig til å strekke seg langt for å unngå ufrivillig flytting?
3. Vil alle i omstilling få tilbud om veiledning til å kunne endre arbeidsoppgaver slik at de kan bli boende i Bergen?

For til syvende og sist handler dette om en verdig avslutning for mange etter et langt arbeidsliv, og jeg mener derfor at her bør fylkeskommunen strekke seg svært langt for å kunne tilby dette.

Svar frå fylkesordføraren:

Eg viser til RS 20/22 der fylkesdirektøren har gjort nærmare greie for vedtak om ny organisasjonsstruktur etter Organisasjonsgjennomgang 2.0.

Vedtaket er i 14 delar. Vedtaka gjeld i hovudsak anten flytting av heile seksjonar/einingar til anna avdeling, flytting av ressursar til anna avdeling eller samling av alt personalet til ein geografisk lokasjon. Vedtaka inneber vidare endringar og tilpassingar i intern organisasjonsstruktur i avdelingar og ny innplassering av tilsette.

Fylkesdirektøren har bedt HR om bistand til implementering av vedtaka etter Organisasjonsgjennomgang 2.0. HR har identifisert ei rekke oppgåver for implementering av vedtaka. Mellom anna gjeld det

- ny organisasjonsstruktur må etablerast i våre digitale system
- handtering av medarbeidarar som bytar avdeling/seksjon
- fortrinnsrettsvurderingar må gjerast der det vert etablert nye leiarstillingar
- tilsette som er omfatta av vedtaka må ivaretaast der arbeidsstaden blir endra frå 01.01.2025 (sjå nærmare om dette under).

Dei tre første punkta er langt på veg ferdige. HR konsentrerer seg no om punkt 4.

Tilsette vedtaka vedkjem er identifisert. Det gjeld tilsette som i dag arbeidar ved arkiv, dokumentsenter og rekneskap og der arbeidsstaden skal vere på Leikanger frå og med 01.01.2025. Totalt gjelder dette 20 personar.

Utgangspunktet for HR sitt arbeid er arbeidsmiljølova (aml) § 15-7, (2) Vern mot usakleg oppseiing:

2) Skyldes oppsigelsen driftsinnskrenkning eller rasjonaliseringstiltak, er den ikke saklig begrunnet dersom arbeidsgiver har et annet passende arbeid i virksomheten å tilby arbeidstaker. Ved avgjørelse av om en oppsigelse

har saklig grunn i driftsinnskrenkning eller rasjonaliseringstiltak, skal det foretas en avveining mellom virksomhetens behov og de ulemper oppsigelsen påfører den enkelte arbeidstaker.

Vestland fylkeskommune si oppgave er å sjå til at desse 20 tilsette kan få tilbod om anna passande arbeid i organisasjonen. Arbeidet vil strengt tatt kunne gå føre seg fram til 01.01.2025 då iverksetting ikkje skal skje før då. Målsettinga er at dei det er aktuelt for, skal ha fått anna tilbod i god tid før denne datoen. Det er avhengig av ledige passande stillingar framover. Det har betydning korleis den enkelte vel å innrette seg i tida før iverksetting. Det er viktig at alle som får tilbod om ein samtale til ei stilling, takkar ja til det. På noverande tidspunkt har HR opplevd at fleire tilsette har vald å takke nei til samtale/tilbod om ny stilling. Personalleiarar er etter dette oppfordra til å motivere medarbeidarar om å gjennomføre samtalar om ny stilling.

Det er gjennomført kartleggingssamtalar med kvar enkelt tilsett. På bakgrunn av denne har HR registrert deira ynskjer og behov. I kartleggingssamtalar er det komen fram at det for nokre kan vere eit alternativ å pensjonere seg framfor byte av arbeid. Det er lagt til rette for individuelle samtalar med pensjonsrådgjevar i samband med dette. Det er ingen av dei tilsette som ynskjer å flytte til Leikanger. Alternative stillingar må difor vere lokalisert i Bergen.

Eit tilbod om samtale om ei stilling vert vurdert opp mot den enkelte sin CV. Når aktuelle stillingar i organisasjonen er klar for rekruttering, vil ein sjå på innhaldet i stillinga sett opp mot den enkelte sin CV, ynskjer og behov. Det betyr at ikkje alle får tilbod om samtale samtidig, men der ein ser at det kan vere ein potensiell «match» formidlast tilbod om samtale. HR har og begynt med å legge ut ledig stilling til alle via e-post slik at det er mogleg for alle å melde interesse.

Det er gjennomført eit felles møte med dei tilsette der dei fekk svar på mykje av det dei lurte på i tilknytning til den vidare prosessen.

Når det gjeld kriteria ved innplassering i stilling viser HR til Hovudtariffavtalen (HTA) §2.2:

2.2 Kvalifikasjoner

Ved tilsetting og opprykk skal det i første rekke tas hensyn til søkerens kvalifikasjoner (teoretisk og praktisk utdanning samt skikkethet for stillingen).

Når søkere av begge kjønn står kvalifikasjonsmessig likt eller tilnærmet likt, kan søker hvis kjønn er underrepresentert foretrekkes når dette er i samsvar med likestillings- og diskrimineringsloven.

Når søkere for øvrig står kvalifikasjonsmessig likt, foretrekkes den søker som har lengst tjeneste i kommunen.

Det er semje med dei hovudtillitsvalte om at denne føresegna er utgangspunktet for innplassering i stilling. Dette er og kommunisert med dei tilsette i mellom anna møte 25. november. Det betyr vidare at vurderinga vil vere som elles, at den enkelte sine samla kvalifikasjonar må vurderast opp mot krav til innehavar av den konkrete stillinga. Om to eller fleire er aktuelle for ei stilling og dei samla sett står likt med omsyn til kvalifikasjonar, vil tilbodet om innplassering i stilling gå til den med lengst intern tenesteansiennitet.

Svar på spørsmåla:

1. Hvor langt er omstillingsprosessen kommet?

Som vist er det punkt fire som er prioritert framover. Det er etablert ei løysing for dei tilsette ved arkivet, 3 personar, internt i avdelinga. Det vil truleg vere på plass tilbod om alternativ innplassering i stilling for 2-3 tilsette innan nyttår, under føresetnad av at dei tilsette takkar ja til tilbod om ny stilling. Det vert arbeidd vidare i tråd med målsettinga om å avklare tilbod om alternativ innplassering, evt. andre løysingar så raskt som mogleg. Målsettinga er å ha avklart løysingar for alle innan utgangen av 2023.

2. Hvor langt er fylkesdirektøren villig til å strekke seg langt for å unngå ufrivillig flytting?

Svaret på dette må sjåast i samanheng med svaret på spørsmål 1. HR viser til omtala ovanfor av prosessen med sikte på innplassering i alternative stillingar i Bergen.

3. Vil alle i omstilling få tilbod om veiledning til å kunne endre arbeidsoppgaver slik at de kan bli boende i Bergen?

Dette er avhengig av bruken av avsatte omstillingsmidlar til føremålet. Det er lagt opp til at omstillingsmidlar skal nyttast til kvalifisering for å fylle den nye stillinga sitt innhald. Ei kvalifisering kan til

dømes vere mellom 6 -9 månadar opplæring. Det er lagt fram eit konkret forslag til drøfting med dei tillitsvalte for bruken av omstillingsmidlar. Det endelege utfallet for bruken av omstillingsmidlar må vi kome tilbake til etter at det er gjennomført drøfting med dei tillitsvalde.

3. Emil Gadolin (A); om satsing på kollektivtransport i Bergensregionen

Satsing på kollektivtransport i Bergensregionen

Over flere år har det vært en stor satsing på kollektivtrafikken i fylket. I Bergensregionen bidrar Kollektivsatsingen til en bedre reisehverdag for kollektivreisende, reduserte klimagassutslipp, mindre bilkø og mindre lokal forurensning.

Spørsmål

Hva er den totale økningen i daglige avganger med busser og bybane i Bergensregionen siden 2014? Hvilke andre målemetoder kan brukes for å uttrykke den aggregerte økningen i kapasitet og frekvens, og hva viser eventuelt disse for den samme tidsperioden?

Svar frå fylkesordføraren


Ein presis måte å måle auke i kollektivtilbodet er å sjå på tal rutekilometer. Tal frå åra 2015 og framover er tilgjengelege i årsrapportar for kollektivstrategi for Vestland.

Produksjonen på bybanen var 1 436 034 rutekilometer i 2015, og 2 235 253 rutekilometer i 2021.

Kontraktene i Bergen nord, Bergen sør, Bergen sentrum og Vest for buss hadde i 2015 ein produksjon på 22 835 150 rutekilometer. I 2021 hadde tilsvarande område eit volum på 26 432 189 rutekilometer.

Frå Kollektivstrategi for Vestland – årsrapport 2021 kan ein og sjå statistikken for utviklinga på fordeling på dei ulike mobilitetstypene, og kor mange som reiser kollektiv sett opp mot gåande, sykkel og bil (førar og passasjer). Der må ein ta omsyn til at 2020 var eit spesielt år då ein var midt i ein pandemi og dei reisande blei beden om å ikkje nytte buss og bane om ikkje heilt naudsynt.

Kollektivandel Bergen kommune - daglege reiser etter transportmiddel:



Eit anna parameter ein kan sjå til for å sei noko om tilgang til kollektivtrafikken er gjennomsnittleg avstand til knutepunkt, som i 2018 var på 9.442 m til i 2021 å være 7.389 m, som gjev ein nedgang på 22 %:



Fleire opplysningar og statistikk kan ein finne mellom anna i kollektivstrategiens årsrapportar. Oppsummert gjev dette eit bilete på nedgang i biltrafikkandel opp mot kollektivandel, samstundes som fleire går og sykklar. Ein har og gjort kollektivtrafikken meir tilgjengeleg gjennom kortare avstand til knutepunkt.